


## SPØRSMÅL TIL GRUPPEARBEID, POLITISK VERKSTAD 24. APRIL

### 1. Arealnøytralitet

Eit viktig prinsipp for å unngå nedbygging av naturverdiar er tiltakshierarkiet; at ein fyrst og fremst skal unngå å byggja ned areal, og deretter avbøta, restaurera og til slutt kompensera.



I Nordre Follo nyttar ein «økologisk kompensasjon» som prinsipp dersom areal vert bygd ned, anten i form av erstatningsareal som skal restaurerast eller eit økonomisk bidrag. Reglane for arealnøytralitet gjeld for all natur og landbruksareal.

Voss herad vedtok arealnøytralitet i Vossaklima 2030 og i arealstrategien vil me leggja føringar for korleis prinsippet skal fylgjast opp, med utgangspunkt i erfaringar frå Nordre Follo.

Drøft kva utfordringar de ser ved å ta prinsippet inn i arealforvaltinga i Voss herad, og drøft kva moglegheiter som ligg i dette. Stikkord kan vera:

- Prissetjing av natur – er det mogleg å setja ein pris?
- Erstatningsareal – korleis sørge for å erstatta naturverdiar tilsvarande det som går tapt, og korleis kan ein få tilgang til eigna areal?
- Storleik på utbyggingsareal – skal arealnøytralitet gjelda for *all* form for ny nedbygging?
- Startpunkt - når skal prinsippet om arealnøytralitet og kravet om økologisk kompensasjon slå inn? Kva med gjeldande planar?

## 2. Viktige overordna omsyn ved ny utvikling

I arealstrategien vil me trekkja fram nokre viktige omsyn som bidreg til god arealforvalting i Voss herad, og som bidreg til både eit attraktivt samfunn og eit lågutsleppssamfunn.

Omsyna me ynskjer å vektleggja er naturverdiar, jordbruksareal, naturfare (skred, flaum m.m.), friluftsliv og folkehelse, mobilitet.

- a) Bør nokre av desse omsyna vega tyngre enn andre?  
Dersom ja, kva type omsyn meiner de er viktigast?
  
- b) Er det viktige omsyn de saknar? I så fall kva?

I nokre tilfelle vil det vera slik at viktige omsyn må vika til fordel for utbygging. I Utval for klima, miljø og beredskap rangerte dei utbyggingstiltak etter viktigkeit 12.03.25. Ein var samde i at offentlege føremål veg tungt, og at fritidsbustader er minst viktig. Nokre meinte at bustadbygging var nest viktigast, medan andre peikte på samferdsle/veg. Ein tok ikkje stilling til næringsføremål i møtet.

- a) Er det tiltak som kan forsvara nedbygging av natur og/eller jordbruksareal?  
Dersom ja, kva type tiltak?
  
- b) Er det tiltak som ikkje kan forsvara nedbygging av natur og/eller jordbruksareal?  
Dersom ja, kva type tiltak?

### **3. Utviklingsstrategiar og lokalisering av ulike føremål**

*I gjeldande KPA er det definert ein senterstruktur. Dette handlar mellom anna om å samla tenestetilbodet til innbyggjarane best mogleg, og om å imøtekoma berekraftsmåla. I senterstrukturen nyttar me omgropa «lokalsenter» (Skulestadmoen, Palmafossen og Granvin) og «nærssenter» (Bolstad, Evanger, Bjørgum, Vinje og Myrdalen). Vossevangen er definert som «regionsenter». Dei fleste lokal- og nærsentra vart definerte for over 20 år sidan. I dag heng ikkje det offentlege tenestetilbodet og senterstrukturen godt saman.*

- a) Bør det definerast tydelegare kva som skal vera innhaldet i dei ulike omgropa mtp. service- og tenestetilbod?  
Dersom ja, kva meiner de er viktigast å leggja til rette for i dei ulike sentra (nærssenter, lokalsenter, regionscenter)?
- b) Bør det offentlege tenestetilbodet og senterstrukturen knytast tettare saman?  
Dersom ja, kva tilbod meiner de er viktigast å leggja til rette for i dei ulike sentra (nærssenter, lokalsenter, regionscenter)?
- c) Bør ulike former for næring (handel, kontor, industri m.m.) inkluderast i omgropa?  
Dersom ja, kva type næring er viktigast å leggja til rette for i dei ulike sentra (nærssenter, lokalsenter, regionscenter)?

*I gjeldande KPA er det fastlagt at 70 % av all ny bustadutvikling skal vera knytt til Vossevangen som «regionsenter», resten til lokal- og nærsentra. Det ligg sterke føringar for bustadutvikling i statlege planretningslinjer.*

- a) Kva er viktigast å vektleggja ved ny bustadutvikling?  
(avstand til skule og barnehage, aktivitets- og servicetilbod, transportbehov/ kollektivtilbod, sykkel og gange, bukvalitet, unngå utanforskning, oppvekstvilkår)